



## Møteprotokoll for Utval for levekår

**Møtedato:** 08.03.2016  
**Møtestad:** Kantina  
**Møtetid:** 09:00 – 15:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Utvalsleiar
Stian Lavik	KRF	Nestleiar
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	FrP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Charles Lindberg	V	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Beate Seveline Eknes	V

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Helsesjef Tord Moltumyr i sak 18/2016.

Prosjektleiar Ronny Landaas i sak 19/2016.

Barnehagefagleg rådgjevar Mette Træland og skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen i sak 20/2016.

Leiar tenestoområde kultur Bente Bing Kleiva og kulturkonsulent Eirik Bouwer Utne i sak 21/2016 og 22/2016.

Sekretær Merete Fløysand og rådgjevar Helge Kvam i sak 23/2016.

Leiar Meland sjukeheim Randi Minde i sak 24/2016.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
16/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
17/2016	Godkjenning av møtebok
18/2016	Referatsaker
19/2016	Informasjon om utbygging på Sagstad og Grasdal skule
20/2016	Barnehageplan 2016-2020
21/2016	Dirigentsstilling Sagstad skulekorps
22/2016	Framdriftsplan for gamle Holsnøy meieri til kulturføremål
23/2016	Alkoholpolitisk handlingsplan for Meland kommune 2016-2019
24/2016	Orientering om drift Meland sjukeheim
25/2016	Aktuelle saker

## **16/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Synfaring ved Marihøna barnehage og Leiketun barnehage vert avlyst.

### **ULK - 16/2016 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

## **17/2016: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

### **08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 17/2016 VEDTAK:**

"Møtebok vert godkjent."

---

## **18/2016: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

### **08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Tord Moltumyr gav ei orientering til 18/2016.2.

Helge Kvam gav ei orientering til 18/2016.1.

### **18/2016.3: Framlegg til vedtak i møte frå Stian Lavik (Krf):**

"Utval for levekår ynskjer at flyktningar som kjem til kommunen skal få norskopplæring på nynorsk, og at dette vert sett opp som sak til kommunestyret."

Framlegget fekk **8 røyster for** (1 Sp, 1 Krf, 2 AP, 2 H, 1 V, 1 MDG) og **1 røyst mot** (1 Frp), og vart såleis

vedteke.

**ULK - 18/2016 VEDTAK:**

"Utval for levekår ynskjer at flyktningar som kjem til kommunen skal få norskopplæring på nynorsk, og at dette vert sett opp som sak til kommunestyret."

---

**19/2016: Informasjon om utbygging på Sagstad og Grasdal skule**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

**ULK - 19/2016 VEDTAK:**

"Utval for levekår tek informasjon om utbygging Sagstad og Grasdal skular til vitande."

---

**20/2016: Barnehageplan 2016-2020**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utkast til barnehageplan 2016-2020 (kvalitetsdel) vert sendt på høyring til barnehagane, fagorganisasjonane og Råd for menneske med nedsett funksjonsvne. Høyringsfrist vert sett til 19.04.2016 (seks veke).

**08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

**Tilleggs-/endringsframlegg til vedtak i møte frå Sølvi Knudsen (Sp):**

"Utkast til barnehageplan 2016-2020 (kvalitetsdel) vert sendt på høyring til barnehagane, fagorganisasjonane og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Høyringsfrist vert sett til seks veker.

Aktuelle merknader i møte vert justert i plandokument før utsending til høyring."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**ULK - 20/2016 VEDTAK:**

"Utkast til barnehageplan 2016-2020 (kvalitetsdel) vert sendt på høyring til barnehagane, fagorganisasjonane og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Høyringsfrist vert sett til seks veker.

Aktuelle merknader i møte vert justert i plandokument før utsending til høyring."

---

## **21/2016: Dirigentstilling Sagstad skulekorps**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek saka til vitande og ber om at dirigentstillinga til Sagstad skulekorps vert prioritert ved neste budsjetthandsaming.

### **08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Øystein Blom (H) bad om vurdering av sin habilitet grunna tilknytning til Rosslund skulekorps.

Øystein Blom gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet.

### **Avrøysting:**

**Øystein Blom vart samrøystes erklært inhabil.**

### **Endringsframlegg i møte frå Ørjan Kristiansen (Frp):**

"Utval for levekår tek saka til vitande og ber om at dirigentstillinga til Sagstad skulekorps vert auka opp ved neste budsjetthandsaming."

Endringsframlegget fekk **8 røyster for** og vart såleis **vedteke**.

**ULK - 21/2016 VEDTAK:**

"Utval for levekår tek saka til vitande og ber om at dirigentstillinga til Sagstad skulekorps vert auka opp ved neste budsjetthandsaming."

---

**22/2016: Framdriftsplan for gamle Holsnøy meieri til kulturføremål**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek løypemeldinga til vitande og godkjenn arbeidsopplegget i framdriftsplanen.

**08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

**Endringsframlegg i møte frå rådmann:**

"Kommunestyret godkjenner at gamle Holsnøy meieri vert nytta til kulturføremål. Kommunestyret tek løypemelding til vitande og godkjenner arbeidsopplegget framdriftsplanen legg opp til."

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Tilleggsframlegg frå Stian Lavik (Krf):**

"Drift og eigartilhøve vert utgreia og presentert for kommunestyret hausten 2016."

Tilleggsframlegget fekk **2 røyster for** (1 Krf, 1 Frp) og **7 røyster mot** (1 Sp, 2 AP, 2 H, 1 V, 1 MDG), og **fall**.

**ULK - 22/2016 VEDTAK:**

"Kommunestyret godkjenner at gamle Holsnøy meieri vert nytta til kulturføremål. Kommunestyret tek løypemelding til vitande og godkjenner arbeidsopplegget framdriftsplanen legg opp til."

---

**23/2016: Alkoholpolitisk handlingsplan for Meland kommune 2016-2019**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår godkjenner at Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2016-2019 vert lagt ut på høyring. Høyringsperiode er 4 veker. Aktuelle høyringssvar skal vurderast i nytt utvalsmøte før oversending til kommunestyret for endeleg vedtak juni 2016.

## **08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 23/2016 VEDTAK:**

"Utval for levekår godkjenner at Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2016-2019 vert lagt ut på høyring. Høyringsperiode er 4 veker. Aktuelle høyringssvar skal vurderast i nytt utvalsmøte før oversending til kommunestyret for endeleg vedtak juni 2016."

---

### **24/2016: Orientering om drift Meland sjukeheim**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek informasjon om drift ved Meland sjukeheim til vitande.

## **08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 24/2016 VEDTAK:**

"Utval for levekår tek informasjon om drift ved Meland sjukeheim til vitande."

---

### **25/2016: Aktuelle saker**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **08.03.2016 UTVAL FOR LEVEKÅR**

1. Stian Lavik (Krf) orienterte frå Eldrerådet.
2. Ekstramøte Utval for levekår 26.04.2016 kl. 09.00.  
Temadrøfting om ungdom i risiko (rus/psykisk helse). Leiar og nestleiar planleggjer innhald saman med administrasjonen.
3. Drøfting med 3 representantar for Ungdomsrådet vedrørande lokalisering av ungdomstiltak på kort og lengre sikt.  
På kort sikt ønskjer Ungdomsrådet å nytte lokale i 2. etasje i det gamle Rema-bygget i Frekhaug senter til møteplass. Opningstider, vaksentilsyn, aktivitetar m.v. må avklarast

nærare før oppstart.

Ungdomsrådet vert invitert til å vidareføre drøting med Utval for levekår i møte 26.04.2016.

**ULK - 25/2016 VEDTAK:**

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

---